

MØTEPROTOKOLL

RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møtedato: 29.05.2026**Møtetid:** 09:13 - 12:46**Møtestad:** Formannskapssalen, 3 et.,
Bjørnafjorden rådhus**Behandla saker:** 31-41/26

Møteleiar: Eirik André Hesthamar	Parti: FrP
--	----------------------

Møtedeltakarar:	Parti:
Anne Turid Bjørnevik	KrF
Eirik André Hesthamar	FrP
Harald Geir Haga	FFO
Hildegunn Stokke	H
Jonny Saltnes	FFO
Lene Nilsen	FFO
Rebekka D. Holmaas	NFU
Sturle Svendal	FFO
Åse Mariann Gjerde	REV

Forfall meldt frå følgjande medlemmer:	Parti:
Gerd Grefsrud Jakobsen	NHF

Følgjande varamedlemmer møtte:	Parti:
Lene Nilsen	FFO

Frå administrasjonen møtte:

Kommunalsjef for helse og velferd Monica Totland Melvold, utvalsekretær Aina Haugland, kommunalsjef for oppvekst Line Rye, einingsleiar for Psykisk helse og rustenester Thomas D. Orø, skulesjef Janne M. E. Eik, prosjektleiar Martha Gindl, rådgjevar Ann-Sissel Hustad, avd. leiar for Heimetenester Os – helsefremming og rehabilitering Atle Gusland

Møteprotokoll blir elektronisk godkjend i påfølgande møte.

Sakliste

Saksnr	Arkivsaksnr./Tittel
31/2026	26/5074 Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste
32/2026	26/5074 Nytt frå administrasjonen
33/2026	25/19727 Nye omsorgsbustader - Osøyro og Eikelandsosen
34/2026	26/4753 Eigendel på praktisk bistand/BPA og oppsetjande verknad ved klagesaker
35/2026	24/9101 Heilskapleg innsats- og bustadtrapp
36/2026	25/19258 Årsmelding 2025 - 3. tertialrapport 2025
37/2026	26/4464 1. tertialrapport 2026
38/2026	22/1787 Kvalitetsmelding - Skule og barnehage 2025
39/2026	22/2696 Revisjon av handlingsplan for førebygging av sjølv mord i Bjørnafjorden kommune og behandling av innbyggjarforslag om nytt tiltak i planen
40/2026	26/5074 Handlingsplan for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
41/2026	26/5074 Politisk kvarter

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 17.04.26 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista.

Behandling og vedtak i sak 31/2026, RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE 29.05.2026

Behandling:

Møtet blei sett kl. 9.13

Forfall:
Gerd G. Jacobsen, NHF - vara Lene Nilsen, FFO

Det var ingen merknader til innkallinga.

Møteprotokoll frå 17.04.26 blei godkjend.

Det var slik merknader til sakslista:
Rådsleiar orienterte om rådets mandat og rolle, da fleire saker er fremma til politisk kvarter som ikkje kan behandlast i dette møte, slik dei er fremma under politisk kvarter.

Dette gjeld disse sakene der rådet blei enig om slik vidare saksbehandling etter drøfting:
Reell brukermedvirkning i rådet - administrasjonen lager eige sak til neste møte
FBBS – beredskap, kompetanse, reisevei, legevakt og konsekvenser av endrede plasser - blir ein del av handlingsplanen til RMNF
Orienteringssak – beredskap, tilfluktsrom og tilgjengelighet - behandle under sak 41/26
Møtepunkt mellom Bjørnafjorden kommune og FFO - behandle under sak 41/26

Møtet blei mellombels heva kl. 9.43

Det blir endringar i rekkefølga på fleire saker.

Møtet blei sett att kl. 10.00

Vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 17.04.26 blei godkjend.
Sakslista blei vedtatt med merknad.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Rådet tar saka til orientering.

Behandling og vedtak i sak 32/2026, RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE 29.05.2026

Behandling:

Kommunalsjef Monica T. Melvold orienterte kort om:

- Fusa bu- og behandlingssenteret har 40 års jubileum som vil bli markert 29.05.26.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Rådet tar saka til orientering.

33/2026 - NYE OMSORGSBUSTADER - OSØYRO OG EIKELANDSOSEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek saka til orientering, og gir kommunedirektøren fullmakt til å forhandle og inngå intensjonsavtale med Allstad for Osøyro og Samfunnspartner for Eikelandsosen.
2. Fullmakta gjeld innafor rammene som går fram i saka. Om lag 50 omsorgsbustader i Osøyro og om lag 20 omsorgsbustader i Eikelandsosen. Begge bygga skal ha dagsenter, personalbase, nødvendige fellesareal for bebuarane og tilhøyrande funksjonar. Utbygginga skal vere innafor rammene for investeringstilskot frå Husbanken og momsrefusjon frå Skatteetaten.
3. Det skal bli inngått opsjonsavtale med Allstad om sal av gnr/bnr 53/372 i Osøyro til kr 12,5 mill. Kommunedirektøren får fullmakt til å ferdigforhandle og inngå opsjonsavtalen innafor dei rammer som følger av saka.
4. Det skal bli inngått opsjonsavtale med Samfunnspartner om sal av gnr/bnr 122/135 i Eikelandsosen til kr 7,5 mill. Kommunedirektøren får fullmakt til å ferdigforhandle opsjonsavtalen innafor dei rammer som følger av saka.
5. Endeleg leigeavtale vil bli lagt fram for kommunestyret for godkjenning, med oversikt over økonomi som Husbanktilskot, momsrefusjon, husleige, og kontraksvilkår.

**Behandling og vedtak i sak 33/2026, RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT
FUNKSJONSEVNE 29.05.2026**

**Framlegg til vedtak frå Eirik André Hesthamar, Fremskrittspartiet
Utsetjingsforslag**

Saka blei utsatt.

Behandling:

Saka blei utsatt.

Vedtak:

Saka blei utsatt.

**34/2026 - EIGENDEL PÅ PRAKTISK BISTAND/BPA OG OPPSETJANDE VERKNAD VED
KLAGESAKER**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

RMNF tek saka til orientering.

**Behandling og vedtak i sak 34/2026, RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT
FUNKSJONSEVNE 29.05.2026**

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 32/26

Monica orienterte kort om bakgrunnen for saka. Saka gjev og svar på spørsmål frå Lene Nilsen, FFO frå møte 17.04.26 - politisk kvarter - sak 30/26 om BPA – informasjon til vedtaksmottakere.

Rådgjevar for avd. for forvaltning og koordinering Ann-Sissel Hustad var tilstades i saka.

Ingen spørsmål i saka.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

RMNF tek saka til orientering.

35/2026 - HEILSKAPLEG INNSATS- OG BUSTADTRAPP

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka blir tatt til orientering.

**Behandling og vedtak i sak 35/2026, RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT
FUNKSJONSEVNE 29.05.2026**

**Framlegg til vedtak frå Eirik André Hesthamar, Fremskrittspartiet
Utsetjingsforslag**

Saka blei utsatt til neste møte i RMNF.

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 41/26

Avd. leiar Atle Gusland for Heimetenester Os - helsefremming og rehabilitering orienterte og svarte på spørsmål om helsefremming og rehabilitering med ergo- og fysioterapitenester knytt til drift og prosjekt i heilskapleg innsats- og bustadtrapp.

Kommunalsjef Monica T. Melvold fekk permisjon frå møtet kl 10.43.

Møte blei mellombels heva kl.10.43

Saka blei ikkje ferdigbehandla.

Orientering frå prosjektleiar Martha Gindl om status for heilskapleg innsats- og bustadtrapp blei utsatt til neste møte.

Vedtak:

Saka blei utsatt til neste møte i RMNF.

36/2026 - ÅRSMELDING 2025 - 3. TERTIALRAPPORT 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar årsmeldinga for Bjørnafjorden kommune 2025 til orientering.

**Behandling og vedtak i sak 36/2026, RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT
FUNKSJONSEVNE 29.05.2026**

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 39/26

Sturle Svendal, FFO fekk permisjon frå møtet kl. 12.40

Det er 7 stemmeføre i salen.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret tar årsmeldinga for Bjørnafjorden kommune 2025 til orientering.

37/2026 - 1. TERTIALRAPPORT 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar 1. tertialrapport 2026 til orientering.
2. Kommunestyret tar finansrapportering pr 1. tertial 2026 blir tatt til orientering.
3. Kommunestyret godkjenner at utgiftsføringa av premieavviket for 2025 kr 50.406.505 blir dekket ved bruk av disposisjonsfond konto 25600101 som er sett av til føremålet. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere nødvendige budsjettreguleringar.
4. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort ei re-budsjettering av investeringsbudsjettet for 2026 slik at pågåande prosjekt med restmidlar i 2025 får overført desse til 2026. Prosjektramme pr. prosjekt blir uendra, men budsjettbeløpet for nokre av prosjekta blir endra for 2026. Auka utgifter blir finansiert med auka mva kompensasjon og unytta lån.
5. Kommunestyret godkjenner at budsjettpost for renteutgifter blir auka med 3 mill. kr. Finansiering skjer ved å auke budsjettpost for renteinntekter tilsvarande.
6. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort ei budsjettregulering mellom sektorane med føremål om å samle ein større del av husleigeutgiftene på Fellesområde (ansvar 115):

Auka budsjetttramme:	
Sektor Fellesområde	2 352 000
Redusert budsjetttramme:	
Sektor Oppvekst	-1 056 000
Sektor Helse og velferd	-430 000
Sektor Samfunnsutvikling	-866 000

Behandling og vedtak i sak 37/2026, RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE 29.05.2026

Behandling:

Kommunalsjef for oppvekst Line Rye orienterte og svarte på spørsmål i saka.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemming vedtatt.

Rådet vel å ikkje utvida møtetida ytterlegare, slik at:

Sak 33/26 og 40/26 blir ikkje behandla.

Sak 35/26 og 41/26 blir ikkje behandla ferdig.

Møtet blei heva kl. 12.46

Vedtak:

1. Kommunestyret tar 1. tertialrapport 2026 til orientering.
2. Kommunestyret tar finansrapportering pr 1. tertial 2026 blir tatt til orientering.
3. Kommunestyret godkjenner at utgiftsføringa av premieavviket for 2025 kr 50.406.505 blir dekket ved bruk av disposisjonsfond konto 25600101 som er sett av til føremålet. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere nødvendige budsjettreguleringar.
4. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort ei re-budsjettering av investeringsbudsjettet for 2026 slik at pågåande prosjekt med restmidlar i 2025 får overført desse til 2026. Prosjektramme pr. prosjekt blir uendra, men budsjettbeløpet for nokre av prosjekta blir endra for 2026. Auka utgifter blir finansiert med auka mva kompensasjon og unytta lån.
5. Kommunestyret godkjenner at budsjettpost for renteutgifter blir auka med 3 mill. kr. Finansiering skjer ved å auke budsjettpost for renteinntekter tilsvarande.
6. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort ei budsjettregulering mellom sektorane med føremål om å samle ein større del av husleigeutgiftene på Fellesområde (ansvar 115):

Auka budsjetttramme:	
Sektor Fellesområde	2 352 000
Redusert budsjetttramme:	
Sektor Oppvekst	-1 056 000
Sektor Helse og velferd	-430 000
Sektor Samfunnsutvikling	-866 000

38/2026 - KVALITETSMELDING - SKULE OG BARNEHAGE 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret har drøfta kvalitetsmelding for skule og barnehage i Bjørnafjorden kommune 2025.

Kommunestyret tar saka som ei melding.

**Behandling og vedtak i sak 38/2026, RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT
FUNKSJONSEVNE 29.05.2026**

Behandling:

Møtet blei sett att kl. 10.59

Saka blei behandla etter sak 35/26

Skulesjef Janne M. E. Eik orienterte og svarte på spørsmål i saka.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret har drøfta kvalitetsmelding for skule og barnehage i Bjørnafjorden kommune 2025.

Kommunestyret tar saka som ei melding.

39/2026 - REVISJON AV HANDLINGSPLAN FOR FØREBYGGING AV SJØLVMORD I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE OG BEHANDLING AV INNBYGGARFORSLAG OM NYTT TILTAK I PLANEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek handlingsplan for førebygging av sjølv mord i Bjørnafjorden kommune 2026-2029 slik han ligg føre.

Innbyggjarforslaget om at tiltaket «Livet på timeplanen» skal vera del av handlingsplanen blir ikkje teke til følge.

Behandling og vedtak i sak 39/2026, RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE 29.05.2026

Framlegg til vedtak frå Eirik André Hesthamar, Fremskrittspartiet**Punktvis votering**

1. Kommunestyret vedtek handlingsplan for førebygging av sjølv mord i Bjørnafjorden kommune 2026-2029 slik han ligg føre.
2. Innbyggjarforslaget om at tiltaket «Livet på timeplanen» skal vera del av handlingsplanen blir ikkje teke til følge.
3. Kilder i handlingsplanen skal oppdateres i tråd med innspill i møtet.
4. Handlingsplanen skal revideres basert på eit breiare kunnskapsgrunnlag.
5. Det kreves breiare brukarmedverknad ved utarbeidelse av handlingsplanen.

Behandling:

Einingsleiar for Psykisk helse og rustenester, Thomas D. Orø orienterte og svarte på spørsmål i saka.

Skulesjef Janne M. E. Eik orienterte og svarte på spørsmål i saka for oppvekstområdet.

Kommunalsjef Line Rye svarte på spørsmål.

Rådet drøfta saka.

Møtet blei mellombels heva kl. 12.20

Møtet blei sett att kl. 12.27

Voting:

Alternativ forslag til vedtak fremma av rådsleiar Eirik André Hesthamar, FrP punkt 1 blei vedtatt mot 4 stemmer (FFO Sturle Svendal, Lene Nilsen, Jonny Saltnes, NFU).

Alternativ forslag til vedtak fremma av rådsleiar Eirik André Hesthamar, FrP punkt 2 blei vedtatt mot 3 stemmer (FFO - Sturle Svendal, Lene Nilsen, NFU)

Alternativ forslag til vedtak fremma av rådsleiar Eirik André Hesthamar, FrP punkt 3 blei vedtatt mot 1 stemme (FFO - Sturle Svendal)

Alternativ forslag til vedtak fremma av rådsleiar Eirik André Hesthamar, FrP punkt 4 blei vedtatt mot 2 stemmer (FFO - Sturle Svendal, Lene Nilsen)

Alternativ forslag til vedtak fremma av rådsleiar Eirik André Hesthamar, FrP punkt 5 blei vedtatt mot 3 stemmer (FFO - Sturle Svendal, Lene Nilsen, Jonny Saltnes)

Anne Turid Bjørnevik, KrF fekk permisjon frå møtet kl. 12.30

Det er 8 stemmeføre i salen.

Rådet er enig om å utvida møte til kl.13.00

Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek handlingsplan for førebygging av sjølv mord i Bjørnafjorden kommune 2026-2029 slik han ligg føre.

2. Innbyggjarforslaget om at tiltaket «Livet på timeplanen» skal vera del av handlingsplanen blir ikkje teke til følge.

3. Kilder i handlingsplanen skal oppdateres i tråd med innspill i møtet.

40/2026 - HANDLINGSPLAN FOR RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Rådet diskuterte og oppdaterte saka.

Behandling og vedtak i sak 40/2026, RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE 29.05.2026

Behandling:

Rådet behandla ikkje saka.

Vedtak:

41/2026 - POLITISK KVARTER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka.

Behandling og vedtak i sak 41/2026, RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE 29.05.2026

**Framlegg til vedtak frå Åse Mariann Gjerde, Revmatikarlaget
Beredskap**

Eg har fått opplyst at kommunen har starta beredskapsamarbeid med Sanitetsforeningane våre! Spørsmål som var stilt var då: kven representerer dei krinsane som ikkje har sanitetsforeningar? Eksempel er krinsen Søfteland, der kommunen har bofellesskap for funksjonshemma, skule m.m.

**Framlegg til vedtak frå Lene Nilsen, Funksjonshemmedes fellesorganisasjon
Orienteringssak – beredskap, tilfluktsrom og tilgjengelighet**

FFO Vestland arbeider sammen med RMNF i Vestland fylkeskommune for å løfte beredskapen for mennesker med nedsatt funksjonsevne. Arbeidet handler særlig om muligheten til å bruke tilfluktsrom, kartlegging av tilgjengelighet og behovet for nødvendig tilrettelegging.

Det vises til saken fra FFO:

Tilfluktsrom må være tilgjengelige for alle

<https://www.ffe.no/aktuelt/nyheter/tilfluktsrom-ma-vaere-tilgjengelige-for-alle>

Representanten orienter om status i møte

**Framlegg til vedtak frå Lene Nilsen, Funksjonshemmedes fellesorganisasjon
Reell brukermedvirkning i rådet**

Undertegnede opplever at rådet i for stor grad fungerer som et informasjonsråd, og i for liten grad som et reelt brukermedvirkningsråd.

Dette gjelder særlig to områder:

Omstillingsprosjekter i helse

I saker om omstilling i helse- og omsorgstjenestene får rådet i hovedsak informasjon om prosessene som pågår. Rådet blir i liten grad involvert som reelle brukermedvirkere i møter, arbeidsgrupper, workshops eller andre arenaer der tjenestene faktisk blir utformet.

Det er svært vanskelig for FFO sine representanter å drive reell brukermedvirkning når man ikke sitter ved samme bord som dem som skal planlegge og endre tjenestene. Når sakene først kommer til rådet som orientering, er handlingsrommet ofte allerede begrenset.

Etter FFO-representantens vurdering er dette ikke reell brukermedvirkning.

Synfaringer og direkte medvirkning

Rådet bør i større grad delta aktivt på synfaringer og møte organisasjoner, brukere og fagmiljø der sakene faktisk oppstår. Slik rådets aktivitet er lagt opp i dag, blir all medvirkning flyttet inn i møterommet. Det gir ikke nødvendigvis et godt nok bilde av faktiske barrierer og behov i kommunen. I tillegg har representantene en brukerkompetanse som man ikke får brukt, med kun å sitte rundt et møtebord.

I flere nabokommuner representanten har vært i kontakt med, deltar én eller flere rådsrepresentanter på aktuelle synsfaringer, basert på kompetanse og sakstype. Dette gir bedre grunnlag for konkrete innspill og reell brukermedvirkning. At alle aktører skal komme inn og orientere rundt møtebordet, er etter FFO-representantens syn ikke tilstrekkelig.

Forslag til vedtak

Rådet sender saken til administrasjonen for behandling.

Rådet ber administrasjonen legge frem en plan over pågående og fremtidige prosjekter i saker der som berører mennesker med nedsatt funksjonsevne. Planen må vise hvordan rådet kan involveres tidlig nok til at rådet kan velge representanter inn i aktuelle arbeidsgrupper, prosjektgrupper, workshops og andre relevante medvirkningsarenaer. Rådet ber også administrasjonen komme med forslag til hvordan rådets medlemmer kan delta på synsfaringer i saker som omhandler mennesker med nedsatt funksjonsevne, universell utforming, tilgjengelighet eller kommunale tjenester. Forslaget bør beskrive hvordan rådet kan velge representanter ut fra kompetanse, erfaring og sakstype.

Framlegg til vedtak frå Lene Nilsen, Funksjonshemmedes fellesorganisasjon

FBBS – beredskap, kompetanse, reisevei, legevakt og konsekvenser av endrede plasser

I lys av saken om endringer i plassene ved FBBS er representanten bekymret for hvilken beredskap og kompetanse som blir igjen ved institusjonen dersom plassene endres. Beredskapsåret i 2026 har et tydelig fokus på at kommunene må kunne klare mer selv ved større hendelser. Ved kriser, press på sykehusene eller behov for rask utskrivning fra spesialisthelsetjenesten, er kommunen avhengig av både kapasitet og kompetanse. Øyeblikkelig hjelp-senger, korttidsplasser og rehabiliteringsplasser gir ikke bare sengeplasser. De bygger også kompetanse hos sykepleiere og annet helsepersonell. Denne kompetansen er viktig når kommunen skal kunne ta imot pasienter fra sykehus, håndtere mer komplekse pasientforløp og bidra i en større beredskapssituasjon.

Representanten viser også til helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre sine uttalelser om at spesialisthelsetjenesten ved større hendelser må kunne frigjøre et stort antall sykehussenger nasjonalt. Haukeland universitetssjukehus vil være en del av denne beredskapen, og Bjørnafjorden kommune må derfor vurdere hvilken rolle kommunen selv skal kunne ta dersom presset på sykehusene øker.

Dersom alle sengene ved FBBS i praksis blir langtidsplasser, er det også en risiko for at ansatte som har kompetanse og engasjement innen rehabilitering, korttid og observasjon søker seg bort. Ansatte som har videreutdanning eller særlig interesse for rehabilitering og mer komplekse pasientforløp, ønsker naturlig nok å bruke kompetansen sin. Dersom plassene forsvinner, stilles det spørsmål om hva som skjer med fagmiljøet og kompetansen. Men også muligheten for rekruttering, hvis ansatte ønsker å jobbe med mer komplekse pasienter, finnes ikke lenger. I tillegg er det en bekymring for om det da er nok ansatte til å drifte langtidsavdelingen som skal opprettes når rehabiliteringsavdelingen forsvinner.

Representanten er også bekymret for konsekvensene dersom korttidsplasser i praksis bare blir tilgjengelige på Luranetunet. For pasienter fra Fusa-siden kan dette gi svært lang reisevei. For enkelte pasienter kan transporten ta over to timer, avhengig av bosted, helsetilstand, vær, føre og transportbehov.

Dette er særlig bekymringsfullt for pasienter som ikke kan sitte under transport, eller som av medisinske grunner må transporteres liggende. Dersom flere pasienter må fraktes langt for korttidsopphold, kan dette også få konsekvenser for den akuttmedisinske beredskapen i Fusa. Ambulansen kan i større grad bli bundet opp i transportoppdrag over lange avstander, i stedet for å være tilgjengelig for reelle akuttmedisinske behov i området. De må reise med fergen over til andre siden av kommunen, noe som svekker beredskapen stort. Da det vil ta ca 1 time å få andre ambulanser til Eikelandsosen. Og da videre ut i kommunen kan pasienter stå uten akuttmedisinsk hjelp i verste tilfelle opptil 2 timer pga. kjøretid, som er en dobling av den akuttmedisinske beredskapen i denne delen av kommunen.

Når korttidsplasser og ØH-plasser forsvinner fra FBBS, stilles det spørsmål om det også kan få direkte konsekvenser for legevaktsordningen. Legevakten trenger lokale kommunale alternativer når pasienter ikke nødvendigvis skal innlegges på sykehus, men likevel trenger

observasjon, avklaring, behandling eller oppfølging på et nivå over det som kan gis i hjemmet. Dette kan gi økt press på legevaktslegen, hjemmesykepleien, ambulansetjenesten og spesialisthelsetjenesten.

Representanten stiller også spørsmål rundt vurderingene som har blitt gjort rundt vaktlegenes endringer i pasientgrunnlag ved nedleggelse av ØH-plasser/korttidsplasser. Når slike plasser tas bort lokalt, kan dette også innebære at deler av pasientgrunnlaget og oppgavene som har vært knyttet til legevakt, oppfølging, avklaring og lokal observasjon endres. Hvordan stiller legene seg til endring i arbeidshverdagen, og vil dette få økonomisk konsekvens for den enkelte legevaktslege? I så fall, hva skjer da med rekruttering i framtiden?

Representanten er bekymret for at kommunen ikke har tatt hensyn til pasientens behov for besøk og kontakt med sin familie. Korttidsplasser/rehabilitering blir også brukt til foreldre som har barn og har et større behov for å være til stede. Hvordan skal kommunen ivareta barn som pårørende når reiseveien blir så lang at det er vanskelig å få gjennomført besøk i hverdagen? I tillegg er det knyttet ekstra kostnader til den enkelte ved at de ikke kan få rehabilitering og ØH-plasser lokalt. Det stilles også spørsmål om pasienter blir lagt på ØH-plass i terminalfase: hvordan skal da kommunen kunne ivareta pårørende når det ikke går ferge om natten?

Forslag til vedtak

Rådet ber om at administrasjonen legger frem en egen sak om konsekvensene av endringer ved FBBS, med særlig vekt på beredskap, kompetanse, bemanning, rehabilitering, legevaktsordningen, legenes pasientgrunnlag og eventuelle økonomiske konsekvenser for legene, reisevei, pasientbelastning, pårørendes mulighet til besøk/rettigheter og kommunens evne til å håndtere større hendelser eller økt press på spesialisthelsetjenesten.

Framlegg til vedtak frå Lene Nilsen, Funksjonshemmedes fellesorganisasjon

Møtepunkt mellom Bjørnafjorden kommune og FFO

Det er informert i rådet om at NUF har faste møtepunkter med administrasjonen i Bjørnafjorden kommune.

Undertegnede vil minne administrasjonen om at FFO sine representanter representerer et bredt spekter av funksjonshemmedes organisasjoner. FFO har i dag 92 (<https://www.ffo.no/om-ffo/medlemsorganisasjoner>) medlemsorganisasjoner nasjonalt, blant annet innen kreft, slag, diabetes, mage- og tarmsykdommer, dysleksi, syn, hørsel og bevegelseshemming og en rekke andre diagnosegrupper.

Regionalt representerer FFO Vestland om lag 41 000 medlemmer. FFO Vestland er også en del av organisasjonslivet i Bjørnafjorden kommune med mange medlemmer.

Når kommunen har faste møtepunkter med kun en enkelte organisasjon og ikke den største paraplyorganisasjonen. Har ikke rådets medlemmer lik mulighet til å påvirke og diskutere tjenesteutvikling for sine medlemmer. Derfor bør det også vurderes, hvordan FFO kan få tilsvarende dialogarena. Dette vil kunne styrke kommunens kontakt med en bred gruppe innbyggere med funksjonsnedsettelse, kronisk sykdom og deres pårørende.

Forslag til vedtak

Rådet ber administrasjonen vurdere faste møtepunkt med FFO-representanter, der aktuelle saker innen helse, oppvekst, universell utforming, beredskap, kultur, fritid og kommunale tjenester kan drøftes.

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 34/26

Åse M. Gjerde, REV framla sitt spørsmål om beredskap.

Kommunalsjef Monica T. Melvold leste opp svar frå beredskapskontakt Ella Marie Brekke Vangsnes:

Bjørnafjorden kommune har beredskapsavtalar med to frivillige organisasjonar, som har lang erfaring med beredskapsarbeid i ei eller anna form, helt fra starten deira som nasjonale organisasjonar her i landet: Det er Røde Kors og Norske kvinners sanitetsforening (NKS).

- Samarbeidsavtalane med Røde Kors vart inngått i de to tidlegare kommunane Fusa (3.3.2015) og Os (5.3.2015), og fornya etter at vi var blitt ein kommune (5.11.2021).
 - Avtalen er mellom kommunen og Os Røde Kors, Fusa Røde Kors og Hordaland Røde Kors.
- Beredskapsavtalen med NKS vart inngått 20.10.2022.
 - Dette er ein samarbeidsavtale om omsorgsberedskap som er inngått med sanitetsforeiningane i Bjørnafjorden si **felles omsorgsberedskapsgruppe (OBG)**.
 - På signeringstidspunktet var det 8 aktive sanitetsforeiningar som deltok i OBG.
 - Då avtalen vart inngått, kunne OBG stilla med inntil 100 frivillige ved behov.
 - Avtalen gjeld ved større ulukker, pandemi, andre uønskte hendingar og kriser. Folk frå OBG skal m.a. hjelpe kommunen og de andre beredskapsaktørane med å drifta evakuerte- og pårørandesenter. (Dei to store EPS-lokala er idrettshallane på Kuventræ på ossida og Fjorden arena i Eikelandssosen på fusasida). OBG kan bistå med omsorg og forpleining til kriseramma, evakuerte og/eller hjelpemannskap. (Det gjeld òg i andre situasjonar som t.d. ved søk- og redningsaksjonar). OBG-vakter kan òg hjelpe til med praktiske oppgåver ved pandemiar: ved vaksinasjon, registrering, observasjon, transport og liknande. Og de deltar ved informasjonskampanjar som den årlege egenberedskapsveka, i samarbeid med Røde Kors og kommunen.

Begge avtalane gjeld for heile kommunen – ikkje enkeltkrinsar. Kommunen samarbeider med både Røde Kors og saniteten si OBG i slike situasjonar som avtalane gjeld, og deira frivillige stiller på over heile kommunen ved behov for det.

Lene Nilsen, FFO fremla sitt spørsmål om møtepunkt mellom Bjørnafjorden kommune og FFO

Svar frå kommunalsjef Monica T. Melvold:

Administrasjonen er positiv til samarbeid og vil ta initiativ til det.

Lene Nilsen, FFO orienteringssak – beredskap, tilfluktsrom og tilgjengelighet blei ikkje gjennomført som planlagt.

Lene Nilsen FFO - Reell brukermedvirkning i rådet - administrasjonen lager eige sak til neste møte.

FBBS – beredskap, kompetanse, reisevei, legevakt og konsekvenser av endrede plasser - blir ein del av handlingsplanen til RMNF

Svar på spørsmål frå møte 17.04.26 - ikkje lest opp i møtet, da spørsmål kan sjåast i samband med sak 34/26 på sakslista.

Spørsmål frå Lene Nilsen, FFO frå møte 17.04.26

BPA – informasjon til vedtaksmottakere

Det vises til helseministerens uttalelse på spørsmål om BPA. Har alle vedtaksmottakere som har BPA fått informasjon om relevant praksis fra Helse- og omsorgsdepartementet? Hvilken praksis har kommunen på dette området?

Svar frå administrasjonen ved avdeling for forvaltning og koordinering:

Det er dessutan kome nye opplysingar i saka etter skrivefristen. Dette gjeld brukarstyrt personleg assistanse (BPA – trinn 6 i innsatstrappa):

I framlegget til tildelingskriteria tilknytt BPA ligg det eit spørsmål og svar om lengde på feriereise for personar med BPA («kan eg ha BPA dersom eg reiser på ferie i Noreg?»), der dette er avgrensa til fem veker. Ei avgrensing på fem veker har vore ein vanleg praksis i mange kommunar, og er ei ordning som vart innført i Bjørnafjorden berre for nokre månader sidan. Forvaltninga opplyser om at dei ikkje har fått førespurnader om lengre ferieopphald etter at grensa på fem veker vart innført.

Den 20.04.2026 fekk Bjørnafjorden kommune eit brev frå Norges Handikapforbund som var sendt til kommunane, med presiseringar om BPA. Forbundet hadde vore i kontakt med Likestillings- og diskrimineringsombudet, som uttaler at personar som er innvilga BPA «som hovedregel må kunne benytte timene fritt innenfor vedtakets rammer, også ved reiser og opphold utenfor hjemmet».

På bakgrunn av dette vil kommunedirektøren beklaga framlegget til innskrenka ferielengde for personar med BPA. Forvaltninga er i gang med å informera BPA-leverandørar og brukarar om innhaldet i svaret frå Likestillings- og diskrimineringsombudet.

Framlegg til nytt spørsmål og svar tilknytt BPA og ferie:

Kan eg ha BPA dersom eg reiser på ferie? Ja, som hovudregel kan du nytta timane fritt innanfor ramma i vedtaket, også til reiser og opphald utanfor heimen. Du avtaler dette med assistenten/assistentane dine.

Det er ein føresetnad at reiser og opphald utanfor heimen skjer utan ekstra kostnad for oss og i tråd med krava i arbeidsmiljølova. Det betyr at du må dekkja assistent(ane) si reise og opphald, og at assistentane skal ha høve til å trekkja seg tilbake og ha ordinær arbeidstid, mellom anna.

Ved lengre utanlandsopphald må du ta kontakt med oss på førehand for å avklara forsikring, arbeidsgjevaransvar og forsvarlegheit.

Vedtak:

Ingen vedtak i sak.